



Utdrag av
Rettsbok
for

FORKYNT DEN 719 1989

NORD- OG MIDHORDLAND
JORDSKIFTERETT

År 1987, den 15. september, vart Nord- og Midhordland jord-
skifterett sett i Eknes bedehus i Lindås.

Rettsformann: Jordskiftedommar Ole Johan Serigstad.

Meddommarar: 1. Karstein Kaland, Fønnes.
2. Knut Daae, Mastrevik.

Protokollførar: Rettsformannen.

Sak nr. 2/1985.

Saka gjeld:

Grensegang og rettsutgreiing vedk. området ved Eknes kai på
gnr. 239, Eknes ytre i Lindås.

Partar:

Trygve Eknes,	eigar av gnr. 239, bnr. 2
Magnus E. Eknes,	" " " 239, " 3, 4
Sigurd P. Eknes,	" " " 239, " 5
Nils Eknes,	" " " 239, " 6
Nils Toft,	" " " 239, " 7
Georg O. Eknes,	" " " 239, " 8, 98
Henrik Gulbrandsøys bu,	" " " 239, " 9, 25, 61
Ingunn M. Westblikk,	} eigarar " " 239, " 10
Arne M. Eknes og	
Jon Eknes,	
Margit Leknes,	festar " " 239, " 17
Lindås kommune,	eigar " " 239, " 21, 64
Ellinor Horn,	" " " 239, " 29
Magna Eknes,	" " " 239, " 88

Der møtte:

Trygve Eknes, Magnus E. Eknes, Nils Eknes, Sigurd P. Eknes, Nils
Toft, Georg O. Eknes, Arne M. Eknes, Magna Eknes saman med
prosessfullmektig advokat I. Chr. Baldersheim. For Ellinor Horn
møtte Nils Eknes med skriftleg fullmakt. For bnr. 9, 25 og 61
møtte Halstein og Erling Gulbrandsøy med skriftleg fullmakt.
For Ingunn M. Westblikk møtte Ole Kristian Westblikk med
skriftleg fullmakt. For Lindås kommune møtte avd.ingeniør Kåre
Jordal med skriftleg fullmakt.

Jon Eknes og Jørg Nottveit har fått lovleg innkalling, men møtte
ikkje. Margit Leknes har p.g.a. feil adresse ikkje fått lovleg
innkalling og møtte heller ikkje.

Partane er gjorde kjende med reglane for ugildskap saman med
innkallinga. På spurnad visste ingen om tilhøve som skulle gjera
nokon av rettsmedlemene ugilde.

Begge jordskiftemeddommarane har tidlegare gjort teneste i jord-
skifterett. Jordskiftemeddommar Knut Daae møter i staden for
Atle Bakke som har meldt forfall.

Ingen hadde merknad til samansetjinga av retten.

Rettsformannen la fram:

1. Krav om sak for jordskifterett, dat. 2. juni 1983, frå
Lindås kommune.
2. Innkalling til rettsmøte, dat. 13. august 1987, vedhefta
kvittering for rek. brev.

3. Fullmakt, dat. 14/9 -87, frå Karen Gulbrandsøy til Halstein og Erling Gulbrandsøy.
4. Fullmakt, dat. 14/9 -87, frå Ingunn Westblikk til Ole Kristian Westblikk.
5. Fullmakt, dat. 25. august 1987, frå ordførar Jostein Vike til avd.ing. Kåre Jordal.
6. Fullmakt, dat. 7. september 1987, frå Ellinor Horn til Nils Eknes.
7. Kopi vedk. festeseddel, tgl. 17. april 1886.
8. Kopi av skyldskifte, dat. 4. august 1926 vedk. bnr. 17.
9. Kopi av skøyte, dat. 31. mai 1956, vedk. bnr. 17.

Ein hadde og tilstades jordskiftekart, oppteke 1901.

Partane har tidlegare fått tilsendt dok. nr. 1. Dok. nr. 2 - 6 vart nå opplesne. Ingen hadde merknad.

Kåre Jordal, for Lindås kommune, fekk ordet og gav utgreiing om kravet.

Han la fram:

10. Kopi av skøyte, dat. 27. august 1987, vedk. bnr. 21.
11. Kopi av skylddelingsforretning, dat. 4/3 1920 vedk. bnr. 21.
12. Kopi av "Haandgivelse", dat. 27. mai 1932, vedk. den gamle steinbrygga i Eknesvågen.
13. Avskrift vedk. skjøn, dat. 2. desember 1948, på Eknes.
14. Kopi av heradsrettsdom av 25. april 1962 vedlagt kopi av stemning og krav om skjøn.
15. Kopi av skyldskifte, dat. 9. juli 1943, vedk. bnr. 25.
16. Kopi av skyldskifte, dat. 17. august 1962, vedk. bnr. 61.
17. Kopi av skyldskifte, dat. 17. juni 1963, vedk. bnr. 64.
18. Kopi av møtebok for teknisk utval, dat. 30. juni 1980 m/ vedlegg.
19. Kartutsnitt i M ca. 1:500 over det aktuelle området.

Jordal sa at bygdeinteressene i kaien er store sjølv om kommunen nyttar kaien lite. Føremålet med denne saka er å få klårlagt eigedomsgrenser og bruksrettar ved og i området ved kaien og vegen ned til kaien.

Han ba om at saka vart fremja i samsvar med kravet.

Dei andre partane fekk høve til å uttala seg. Ingen hadde innvendingar mot at saka vert fremja.

Trygve Eknes, bnr. 2, sa at han hadde naust i området.

Nils Eknes, bnr. 6, viste til utskiftinga over innmarka og sa at bnr. 6 hadde naust og også vegrett frå den gamle bygdevegen fram til Klubben.

Han la fram:

20. Kopi vedk. veg nr. 8 i utskiftinga over innmarka.

Sigurd Eknes, bnr. 5, viste til bygdefolket sine rettार og meinte at det må takast omsyn til dei.

Nils Toft, bnr. 7, viste til at hans bruk har naustrett med veg.

Arne M. Eknes og Ole Kristian Westblikk, bnr. 10, meinte at dei har bruksrett til kaien og atkomst til eigedomen frå kai-området. Dei ba og om grensegang for å få klårlagt grensene for bnr. 10.

- Halstein og Erling Gulbrandsøy, bnr. 9, 25 og 61 la fram:
21. Kopi vedk. vedtak, dat. 14/2 1980, i Lindås kommunestyre om omlegging av veg til Eknes kai.
 22. Kopi av avtale, udatert, om makebyte.

Nils Eknes for Ellinor Horn, bnr. 29, sa at dette bruket har nausttomt med vegrett frå off. veg. Det kom seinare fram at bnr. 29 mest truleg er større enn berre ei nausttomt.

Advokat I. Chr. Baldersheim, for bnr. 88, sa at grensene for dette bruket er greie og uomtvista. Problemet for bnr. 88 er atdomsten. Han la fram:

23. Prosessfullmakt, dat. 3. september 1987 frå Magna Eknes, eigar av gnr. 239, bnr. 88.
24. Prosesskriv, dat. 14. september 1987, med 11 vedlegg.

Advokat Baldersheim ba om at jordskifteretten fastsett kvar vegen til bnr. 88 skal gå.

Etter noko drøfting tok retten og partane synfaring.

Under synfaringa vart partane sine meiningar og påstandar påviste. Tilhøva på og ved Eknes kai viste seg å vera sers innfløkte, m.a. manglar det fleire grensemerker.

Partane vart permitterte og jordskifteretten drøfta saka.

Retten gjorde slik samrøystes

vedtak:

1. Kravet om jordskiftesak, dat. 2. juni 1983, frå Lindås kommune vert fremja.
2. Krav om grensegang, som nå er sett fram av dei møtande for bnr. 10, vert fremja.
3. Kravet om fastlegging av veg fram til bnr. 88 som er sett fram av adv. Baldersheim vert fremja.

Deretter vart saka utsett på uviss tid. I mellomtida skal området kartleggjast.

Kostnader

Jordskiftemeddommar Karstein Kaland:		
1 dg. + kost	kr. 295,-	kr. 295,-
Jordskiftemeddommar Knut Daae:		
1 dg. + kost	kr. 295,-	
skyss	<u>" 265,-</u>	<u>" 560,-</u>
		Sum kr. 855,-

Som rekvirent vert Lindås kommune pålagt å forskottera denne summen.

Rettsmøtet slutt
Eknes, 15. september 1987

Ole Johan Serigstad (s)

Knut Daae (s)

Karstein Kaland (s)

År 1988, den 24. oktober, vart Nord- og Midhordland jordskifte-rett på nytt sett i Eknes bedehus i Lindås.

Rettsformann: Jordskiftedommar Ole Johan Serigstad

Meddommarar: 1. Karstein Kaland, Fønnes
2. Atle Bakke, Mastrevik

Protokollførar: Rettsformannen

Sak nr. 2/1985 - utsett frå 15. september 1987

Saka gjeld:

Grensegang og rettsutgreiing vedk. området ved Eknes kai på gnr. 239, Eknes ytre i Lindås.

Der møtte:

Avd.ing. Kåre Jordal for Lindås kommune, Sigurd Eknes for Trygve Eknes, Magnus E. Eknes, Nils og Øyvind Eknes, Sigurd P. Eknes, Nils Toft, Georg O. Eknes, Arne M. Eknes, Jon Eknes, Halstein og Erling Gulbrandsøy, Magna Eknes og Svein Horn for Ellinor Horn.

Ingunn M. Westblikk, Margit Løknes og Jørg Nottveit har fått lovleg innkalling, men møtte ikkje.

Ingen hadde merknader til samansetjinga av retten.

Rettsformannen la fram:

25. Innkalling til rettsmøte, dat. 23/9 1988, vedhefta kvittering for rek. brev.
26. Fullmakt, dat. 24/10 -88, frå Ellinor Horn til Svein Horn.
27. Fullmakt, dat. 24/10 -88, frå Trygve Eknes til Sigurd P. Eknes.
28. Prosesskriv, dat. 18/10 1988, frå advokat Helge Iveit.
29. Prosesskriv, dat. 19/10 1988, frå advokat Helge Iveit.
30. Kopi av skylddelingsforretningen vedk. bnr. 29.
31. Kopi av skylddelingsforretningen vedk. bnr. 64.
32. Avskrift vedk. skønsforretning, dat. 2. desember 1948, på Eknes.

Ingen hadde merknader til innkallinga.

Saka vart drøfta på nytt. Under desse drøftingane tok retten og partane synfaring.

Under drøftingane vart partane samde om mange av grensene.

Men på ein stor del av arealet ved kaien var det lagra varer. Det var derfor uråd å koma til å få drøfta fleire av grensene. Men partane meinte at det skulle vera uturvande å kalla inn full rett for å fastsetja desse grensene. Dei var samde om at rettsformannen saman med dei det gjeld skal gjera arbeidet når arealet vert rydda. Også makebyttet mellom kommunen og bnr. 25 kan ordnast på den måten.

I rettsmøtet 15/9 -87 vart vegkravet frå bnr. 88 fremja. Det er på det reine at denne vegen ikkje kan leggjast der eigaren av bnr. 88 vil. Magna Eknes var klår over at kravet derfor har lite for seg og ho sette seg ikkje imot at kravet nå vert sløyfa.

Jordskifteretten gjorde deretter slikt

vedtak:

Vegkravet frå bnr. 88 vert ikkje fremja.

Saka vart deretter utsett på uviss tid.

Kostnader:		
Jordskiftedømmar Karsten Kaland:		
1 dag + kost	kr 295,-	
skyss	<u>230,-</u>	kr 525,-
Jordskiftedømmar Atle Bakke:		
1 dag + kost	kr 295,-	kr 295,-
Arbeidsgjevaravgift		<u>kr 69,-</u>
		Sum kr 889,-

Eigarane av bnr. 9, 25, 61 må bera ansvaret for at saka nå er utsett. Dei vert derfor pålagt å forskottera kostnadene ved dette møtet.

Rettsmøtet slutt
Eknes, 24. oktober 1988

Ole Johan Serigstad (s)

Atle Bakke (s)

Karsten Kaland (s)

Rett utskrift:

O.J.S.

År 1989 den 31. august, vart Nord- og Midhordland jordskifterett på nytt sett i denne saka.

Rettsformann: Jordskiftedommar Ole Johan Serigstad
 Meddommarar: 1. Karstein Kaland, 5153 Fønnes
 2. Atle Bakke, 5136 Mastrevik

Protokollførar: Rettsformannen

Sak nr. 2/1985 - utsett frå 24. oktober 1988

Saka gjeld:

Grensegang og rettsutgreiing vedk. området ved Eknes kai på gnr. 239, Eknes ytre i Lindås.

Partar:

Trygve Eknes,	eigar av gnr. 239, bnr. 2
Magnus Eknes,	" " " 239, " 3
Nils Toft,	" " " 239, " 7
Erling Gulbrandsøy,	" " " 239, " 9, 25
Ingunn Westblikk,	
Arne M. Eknes og	
Jon Eknes,	" " " 239, " 10
Margit Leknes,	" " " 239, " 17
Lindås kommune,	" " " 239, " 21, 64
Ellinor Horn,	" " " 239, " 29
Halstein Gulbrandsøy,	" " " 239, " 61
Georg O. Eknes,	" " " 239, " 98

I samråd med partane har ein funne det uturvande å kalla inn desse til dette møtet.

Rettsformannen la fram:

33. Kartkopi der grensene er avmerka.

34. Fråsegn, dat. 11. mai 1989 frå Magnus Eknes og Erling Gulbrandsøy vedk. grenseregulering.

I møtet 24. oktober 1988 var det semje om at rettsformannen saman med dei partane det gjeld skulle avklara resten av eigedomstilhøva.

Til stades under dette arbeidet var:

Magnus Eknes, Arne M. Eknes, Jon Eknes og Erling Gulbrandsøy. For Lindås kommune møtte avd. ing. Kåre Jordal og landmålar Sverre Solberg. Solberg la fram fullmakt dat. 31/3 1989.

Under handsaming av grense for bnr. 98 møtte Rannveig Eknes Reikerås for Georg O. Eknes. Trygve Eknes og Ingunn M. Westblikk var innkalla men møtte ikkje.

Under dette arbeidet vart det og utført noko regulering og justering av grenser. Det var semje om desse reguleringane.

Etter dette vert grensene skildra slik:

Grense nr. 1 - først som grense mellom bnr. 7 på nordaust- og søraustsida og bnr. 61 på andre sida - tek til i sjøen og går i NNA retning (25°) til eit punkt (1) i kanten av båtoppdraget. Grensa held fram i NtV1/2V retning ($379,8^{\circ}$) 3,85 m til kors (2) i fjell, vidare i NV1/2N retning ($353,7^{\circ}$) 4,11 m til gml. kors (3) i fjell og 4,55 m til bolt (4) i stein. Her vinklar grensa og går i NA1/2N retning ($44,6^{\circ}$) 5,23 m til gml. kors (5) i fjell.

Her vinklar grensa på nytt og går, nå som grense mellom bnr. 3 på nordaust- og nordvestsida og bnr. 61 på andre sida, i NV retning ($350,7^{\circ}$) 1,32 m til gml. kors (6) i fjell og i omlag same retning 6,63 m til gml. kors (7) i fjell og vidare i SV1/2V retning ($254,6^{\circ}$) 4,14 m til eit punkt (8).

Grensa held fram i same retning, nå som grense mellom bnr. 61 på søraustre side og kommunal eigedom på andre sida, 4,09 m til bolt (9) i stein. (Bolten står midt i gml. kors).

Her vinklar grensa på nytt og held fram, nå som grense mellom bnr. 3 på sørvestre side og bnr. 61 på andre sida, i SA 1/2S retning ($156,7^{\circ}$) 3,14 m til gml. kors (10) i stein, omlag same retning 3,60 m til kors (11) i stein og vidare 5,21 m til eit punkt (12) der grensa bøyer og går i S1/2V retning (206°) ut i sjøen.

Grense nr. 2 - mellom bnr. 3 på austsida og kommunal eigedom og bnr. 98 på andre sida - tek til i grensepunkt nr. 8 i grense nr. 1 og går i NVtN1/2N retning ($366,9^{\circ}$) 13,85 m til et punkt (13). Vidare i N retning ($2,2^{\circ}$) 15,94 m til bolt (14) i fjell, i NAtN1/2N retning ($29,6^{\circ}$) 12,50 m til gml. kors (15) i fjell, i NAtN retning ($39,4^{\circ}$) 29,89 m til bolt (16) i fjell, i NAtN retning ($36,0^{\circ}$) 26,41 m til jordmerke (17) ved grensa for off. veg.

Grense nr. 3 - først mellom bnr. 3 på sørvest- og søraustsida og kommunal eigedom på andre sida - tek til i grensemerke nr. 9 i grense nr. 1 og går i NV1/2N retning ($356,7^{\circ}$) 2,33 m til eit punkt (18). Her vinklar grensa og går i SV1/2V retning ($257,9^{\circ}$) 6,04 m til bolt (19) i stein.

Her vinklar grensa på nytt og held fram, nå som grense mellom bnr. 3 på nordaustre side og bnr. 25 på andre sida, i SA1/2S retning ($157,9^{\circ}$) ut i sjøen.

Grense nr. 4 - mellom bnr. 25 på søraust- og nordaustsida og kommunal eigedom (bnr. 64 og off. kai (bnr. 21)) på andre sida - tek til i grensemerke nr. 19 i grense nr. 3 og går i SV1/2V retning ($257,9^{\circ}$) 11,28 m til gml. kors (20) i stein. Her vinklar grensa og held fram i SAtA retning (134°) ut i sjøen.

Grense nr. 5 - først mellom bnr. 17 på nordvestsida og kommunal eigedom (bnr. 21) på andre sida - tek til i sjøen og går i NA retning ($47,4^{\circ}$) til eit punkt (21) (murhjørne) og 9,84 m til bolt (22) i stein.

Her vinklar grensa og held fram, nå som grense mellom bnr. 10 på nordaust- og nordvestsida og bnr. 17 på andre sida, i NVtV retning ($339,4^{\circ}$) 4,76 m til jordmerke (23), i VSV retning

(276,9^g) 3,85 m til jordmerke (24), i SV retning (247,7^g) 6,09 m til kors (25) i stein og vidare same retning ut i sjøen.

Grense nr. 6 - først mellom bnr. 10 på nordvestsida og kommunal eigedom (bnr. 21) på andre sida - tek til i grensemerke nr. 22 i grense nr. 5 og går i NA retning (48,1^g) 2,10 m til bolt (26) i stein.

Her vinklar grensa og går, framleis som grense mellom bnr. 10 og kommunal eigedom (gml. veg), i NtV1/2V retning (381,0^g) 8,99 m til jordmerke (27).

Her vinklar grensa på nytt og går, nå som grense mellom bnr. 9 på nordvestre side og bnr. 10 på andre sida, i SVtV1/2V retning (269,6^g) 16,87 m til eit punkt (28) i murkroken og vidare same retning ut i sjøen.

Grense nr. 7 - først mellom bnr. 9 på sørvestsida og kommunal eigedom (gml. veg) på andre sida - tek til i grensemerke nr. 27 i grense nr. 6 og går i NtV1/2V retning (381,0^g) 5,91 m til jordmerke (29).

Her vinklar grensa og held fram, først som grense mellom bnr. 9 på søraustsida og bnr. 2 på andre sida, i VSV retning (273,9^g) 10,88 m til bolt (30) i stein og vidare etter muren ut i sjøen.

Grense nr. 8 - først mellom bnr. 2 på sørvestsida og kommunal eigedom på andre sida - tek til i grensemerke nr. 29 i grense nr. 7 og går i NtV1/2V retning (381,0^g) 7,23 m til jordmerke (31).

Her vinklar grensa og går, nå som grense mellom bnr. 2 på søraustsida og bnr. 29 på andre sida, i VSV retning (275,2^g) 11,65 m til bolt (32) i fjell.

Grensa held fram i SSA retning (173,9^g) 7,43 m til grensemerke nr. 30 i grense nr. 7.

Dei rettane bnr. 2 har til atkomst og for å nytta nausttomta er ikkje endra ved denne saka.

Grense nr. 9 - mellom bnr. 29 på sørvestsida og kommunal eigedom, bnr. 25 og vidare kommunal eigedom på andre sida - tek i grensemerke nr. 31 i grense nr. 8 og går i NtV1/2V retning (381,0^g) 3,13 m til jordmerke (33), same retning 10,92 m til jordmerke (34), i NV1/2N retning (357,9^g) 3,58 m til bolt (35) i fjell, i NV retning (350,4^g) 14,38 m til bolt (36) i fjell, i NVtN retning (364,6^g) 7,64 m til bolt (37) i fjell og vidare same retning til grensa mot bnr. 6.

Grense nr. 10 - mellom bnr. 25 på sørvest-, vest- og nordsida og kommunal eigedom på den andre sida - tek til i grensemerke nr. 36 i grense nr. 9 og går i ASA retning (122,6^g) 26,67 m til jordmerke (38), i SA1/2A retning (143,0^g) 5,82 m til jordmerke (39), i SA1/2S retning (170,9^g) 9,28 m til jordmerke (40), i S retning (197,8^g) 8,28 m til jordmerke (41), i NVtN1/2N retning (368,2^g) 7,59 m til bolt (42) i fjell, i VtS1/2S retning (281,8^g) 2,87 m til eit punkt (43), i StA1/2A retning (178,3^g) 10,97 m til eit punkt (44), i SVtV1/2V retning (271,2^g) 8,69 m til eit punkt (45) og i NtV1/2V retning (380,4^g) 12,54 m til jordmerke (46). Herfrå går grensa i kurve i nordvestleg og vestleg retning fram til grensemerke nr. 33 i grense nr. 9.

Radius for denne kurven er 3 m.

Dei her nedsette boltane og jordmerka er godkjende, pre-fabrikerte grensemerke i aluminium. Avstandane er horisontale mål. Retningane er i høve til sant nord og gjevne i centesimal deling (400^g).

Vegrettar og andre rettar som kviler på den kommunale eigedomen står framleis ved lag. Desse rettane skal liggja på den her skildra kommunale eigedomen. Den kommunale eigedomen femnar om bnr. 21, 64 og umatrikulert veggrunn m.m.

Vegretten fram til naustet til gnr. 239, bnr. 7 er uendra ved denne saka.

Kostnader:

Møtet 15. september 1987	kr	855,00
24. oktober 1988	"	889,00
Grensemerker betalt 1988	"	250,00

Dette møtet:

Jordskiftemeddommar Karstein Kaland	kr	250,00	
" Atle Bakke	"	250,00	
Arb. gj. avgift	"	66,00	
Grensemerker	"	450,00	
Gebyr, krav	"	500,00	
" slutt	"	4290,00	5806,00

Sum kr 7800,00

som vert å betala slik:

Bnr.	Ligar:	Skal bet.	Har bet.	Skuldar
2	Trygve Eknes	300,-		300,-
3	Magnus Eknes	800,-		800,-
7	Nils Toft	200,-		200,-
9,25	Erling Gullbrandsøy	2100,-	539,-	1561,-
10	Ingunn Westblikk m.fl.	400,-		400,-
17	Margit Leknes	400,-		400,-
21,64	Lindås kommune	2500,-	855,-	1645,-
29	Ellinor Horn	400,-		400,-
61	Halstein Gulbrandsøy	600,-	600,-	0,-
98	Georg O. Eknes	100,-		100,-
Sum		7800,-	1994,-	5806,-

Dei skuldige summene skal vera betalte innan 15 - femten dager etter forkynningsdagen.

Saka vert forkynt etter reglane for postforkynning.

Ankefristen er 2 - to månader-frå den dagen saka er forkynt.

Den tinglyste utskrifta vert å senda til eigaren av gnr. 239, bnr. 9 som skal ta vare på den til sams bruk.

Rettsboka vart opplesen for meddommarane.

Rettsmøtet slutt

Årås, 31. august 1989

Olav Johan Serigstad
Atle Bekke Karsten Kaland